



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Departementenes sikkerhets- og
serviceorganisasjon
Postboks 8129 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
24/3094-52

Dato
26. juni 2025

Supplerande tildelingsbrev nr. 7 2025 – DSS – RNB 2025

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Tildelingsbrev 2025 – Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS), datert 3. januar 2025, og seinare supplerande tildelingsbrev.

I samsvar med Innst. 540 S (2024–2025) er kap. 1510, post 01, 22 og 45 endra med følgjande:

Kap. 1510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa *[tal i 1000 kr]*

Post	Nemning	Tildelingsbrev 2025	Overført beløp frå 24 til 25	RNB 2025	Disponibel løyving
01	Driftsutgifter	675 367	32 875	38 812	747 054
22	Fellesutgifter	146 048	4 276	-29 173	121 151
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	21 578	28 000	-10 000	39 578
46	Sikringsanlegg og sperresystemer	10 667	3 648		14 315
Sum kap. 1510		853 660	68 799	-361	922 098

Kap. 4510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa *[tal i 1000 kr]*

Post	Nemning	Tildelingsbrev 2025	Overført beløp frå 24 til 25	RNB 2025	Disponibel løyving
------	---------	------------------------	------------------------------------	----------	-----------------------

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdelinga for
fellesfunksjonane til
departementa

Saksbehandlar
Vetle Bjøringsøy
Johnsen
22 24 72 67

02	Diverse inntekter	45 376		45 376
03	Brukarbetaling	43 037	-1 449	41 588
Sum kap. 4510		88 413	-1 449	86 964

Løyvinga blir stilt til disposisjon for DSS.

Kap. 1510, post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er auka med totalt 38,8 mill. kroner. Dette kjem av følgjande:

- Posten er auka med 18,9 mill. kroner ved overføring frå post 22. Overføringa kjem av endringar i fordelinga av husleigemidlar til interne areal som blir disponerte av DSS og husleigemidlar til fellesareal som blir disponert av fleire departement og DSS.
- Posten er auka med 19,9 mill. kroner ved overføring av 9,9 mill. kroner frå post 22 og 10 mill. kroner post 45. Dette for å sikre at DSS har tilstrekkeleg handlingsrom for å gjennomføre nødvendige driftsaktivitetar.
- Posten er auka med 65 000 kroner for å dekke lisensar for Jobbnorge for Digitaliseringsorganisasjonen til departementa (DIO).

Kap. 1510, post 22 Fellesutgifter

Løyvinga på posten er redusert med totalt 29,2 mill. kroner. Dette kjem av følgjande:

- Løyvinga på posten er redusert med 28,8 mill. kroner ved overføring til post 01, jf. omtale under kap. 1510, post 01.
- Løyvinga på posten er redusert med 426 000 kroner ved overføring av priskompensasjon frå DSS til DIO.

Kap. 1510, post 45 Fellesutgifter

Løyvinga på posten er redusert med totalt 10 mill. kroner ved overføring til post 01, jf. omtale under kap. 1510, post 01.

Kap. 4510, post 03 Brukarbetaling

Løyvinga på posten er redusert med totalt 1,45 mill. kroner ved overføring av inntektskravet frå DSS til DIO.

Med helsing

Aleksander Åsheim (e.f.)
ekspedisjonssjef

Vetle Bjøringsøy Johnsen
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen